

Styret si årsmelding

VERKSEMDA

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar vasskraft.

SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Vestland- og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådals-vassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusa, Røgne kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 298 GWh.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i eigne datterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår også 13 småkraftverk i eigne selskap. 9 av desse har kraftverk i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 86 GWh, og 4 kraftverk på totalt 73 GWh er under bygging, av desse er 3 i prøvedrift ved årsskiftet. Gjennom tilknytte selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 128 GWh.

Selskapet deltek også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

Driftssentralen som overvakar og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovedkontoret til selskapet.

VIDARE DRIFT

Årsrekneskapet er avgjort under føresetnad om vidare drift. Styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Ved utgangen av 2021 hadde SKL 55 tilsette og 2 lærlingar, mot 56 tilsette og 3 lærlingar i 2020. Totalt utgjer dei 55 tilsette 55 årsverk i 2021 mot 55,5 årsverk i 2020.

SKL er IA- bedrift. Det er etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi med heilskapleg fokus på: Helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Målsetjinga er, i samarbeid med den einskilde, fagforeiningane, bedriftshelsenesta og NAV, å redusera sjukefråveret og leggja til rette for at tilsette kan arbeida lenger før uttak av pensjon.

I 2021 hadde SKL ein skade hjå tilsette som medførte fråvær, dette gav H1-verdi lik 10,6. Tilsvarande tal for 2020 var tre skadar med fråvær og H1-verdi lik 31,7. Samla sjukefråvær var 6,2%, mot 5,3 % i 2020. Kortids fråvær var 1,5 % i 2021, tilsvarande tall for 2020 var 1,7 %.

SKL har tilsett ressurs som har ansvar for systematisk HMS-arbeid. SKL har samarbeidsavtale med bedriftshelsenesta, Aktimed.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har 3 tilsette- og 3 arbeidsgjevarrepresentantar. I tillegg møter representant frå administrasjonen og frå International SOS. AMU gjennomførte 4 møter i 2021. Faste saker er internkontroll, oppfølging av sjukefråvær, arbeidsrelaterte ulukker, skadar og andre uynske hendingar. AMU handsamar og rapportar frå HMS- tenesta, byggjesaker og AMU-årsrapport.

Det er teikna ansvarsforsikring for styrets medlemmer og dagleg leiar.

LIKESTILLING

Under fylgjer oversikt for kjønnslikestilling i selskapet pr. 31.12.2021:

	Kvinner	Menn
Totalt tilsette i verksemda	9	48
Midlertidig tilsette (antall)	1	1
Tilsette i deltidsstillingar (antall)	0	0

Selskapet sitt styre består av 4 kvinner og 4 menn. Leiargruppa består av seks personar, og av desse er ei kvinne. SKL sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering er forankra i selskapets etiske retningslinjer som mellom anna seier «
SKL viser me omtanke for oss sjølv og kvarandre. Arbeid i SKL skal vere helsefremjande, og kvar og ein skal setje tryggleiken til seg sjølv og sine kollegaer først! Om ein tykkjer at tryggleiken ikkje blir ivaretatt skal ein sei ifrå. Alle er ansvarlege for å bidra til eit godt arbeidsmiljø. God skikk og bruk er ein del av vår kvardag og me tolererer ikkje mobbing, ulovleg diskriminering eller anna utilbørleg åtferd. SKL har eit menneskesyn som seier at alle er like mykje verdt, og me respekterer kvarandre sine personlege eigenskapar og arbeidsoppgåver.»

Varslingsrutinar er etablert, og desse legg føringar for varsling av kritikkverdige forhold. Det er også etablert livsfasetilpassa personalstrategi som blant anna tek for seg områda tilrettelegging og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv. Administrasjonen i selskapet er ansvarleg for å sjå til at det blir jobba aktivt og målretta for å fremja likestilling og hindra diskriminering. Saman med dagleg leiar, HR og tillitsvalde er det etablert forum som skal møtast regelmessig for å undersøka risiko for diskriminering og hinder for likestilling, analysera årsaker, setja i verk tiltak og evaluera resultat. I 2021 har det vore fokus på å få på plass ei systematisk tilnærming til arbeidet med ARP. Det er behov for å tydeleggjera selskapet sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering, samt å dokumentera korleis dette arbeidet systematisk vert fylgt opp. Dette er planlagt gjennomført i 2022. Vidare vil selskapet i 2022 fokusera på å undersøka risiko for diskriminering og hinder for likestilling, analysera årsaker og setja i verk tiltak for områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår og forfremjing og utviklingsmoglegheiter. Forventa resultat av dette arbeidet vil vera å identifisere konkrete diskrimineringsrisikoar og etablira tiltak for å redusera eller eliminera risikoane.

YTRE MILJØ

SKL utviklar og driftar vasskraftverk, produserer miljøvenleg energi, elektrisk straum. Eit produkt fri for utslepp til luft, vatn og jord.

Sjølvle drifta av vasskraftverka påfører atmosfæren låge klimaavtrykk, men påverkar økosystemet i vassdraga og landskapsbiletet, lokalt gjennom frå føring av vatn og regulert vasstand.

Størst utslepp av klimagassar er knytt til anleggsarbeid i samband med bygging av kraftverka. Sett i lys av eit livsløpsperspektiv vert samfunnsnytta i form av tilført fornybar energi stor, samanlikna med klimaavtrykket frå ein kortvarig anleggsfase.

Regulering av vassdrag har også andre positive miljøeffektar. Regulering kan i ein skilde høve verka flaumførebyggande, redusera skade på natur og eigendom, også sikra høgare kritisk lågvassføring samanlikna med kva naturen sjølv gjev.

Eit leiande mål for selskapet er at anlegga våre skal driftast utan miljøavvik. Det vil seia, gjeldande vilkår i form av minstevassføring, reguleringshøgder m.m., skal overhaldast. Selskapet har eigen driftssentral som overvakar anlegga og vassdraga, internkontrollsysten for miljø og landskap samt sikkerheit.

SKL vil arbeida for ei berekraftig verd, og selskapet sitt hovudbidrag er knytt opp mot følgjande berekraftsmål:

<p>Rein energi til alle: Sikra tilgang til påliteleg, bærekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris</p> <p>7 REIN ENERGI TIL ALLE</p>  <p>Vi utviklar og driftar vasskraftverk og produserer miljøvenleg energi utan utslepp Vi deltek i utvikling og drift av andre fornybare energikjelder og energiberarar (Mål 9 Innovasjon og Infrastruktur inngår her)</p>	<p>Ansvarleg forbruk og produksjon: Sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønster</p> <p>12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON</p>  <p>Vi skal redusera utslepp i all vår aktivitet Vi set miljøkrav til våre leverandørar</p>
<p>Stoppe klimaendringane: Handla umiddelbart for å kjempe mot klimaendringane og konsekvensane av dei</p> <p>13 STOPPE KLIAMAENDRINGANE</p>  <p>Vi arbeider med framdsretta berekraftige energileysingar Vi bidrar til å redusera skadeomfang ved flぬm (Mål 6 reint vatn og gode sanitærforhold inngår her)</p>	<p>Liv på land: Beskytta, gjenopprett og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvalting, kjempe mot ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing, og stansa tap av artsmangfald</p> <p>15 LIV PÅ LAND</p>  <p>Vi tek omsyn til økosystem og naturmangfald i planlegging, anleggfasa og drift Vi støttar arbeid med vassforvaltingsplanar som balanserer vasskraft og vassmiljø (Mål 6 reint vatn og gode sanitærforhold inngår her)</p>

SKL arbeider vidare med å utarbeida målbare målsetnadar og tiltaksplanar for å nå desse. Arbeidet vert dokumentert i SKL sin årlege berekraftrapport, denne finn du på www.skl.as

Selskapet har i 2021 ikkje hatt vesentlege uynskte hendingar som har skada ytre miljø.

Selskapet har hatt nokre lokale utslepp til vassdrag:

- Finstoff til Risvollelva, Sauda. Dette vil verta fylgt opp med fiskeundersøkingar og prøvetaking i 2022
- Lokalt utslepp av tunnelvatn, med noko forhøga nivå av finstoff og/eller pH verdi, til Hardeland- og Litledalsvatnet

OM DRIFTA

Året 2021 har vore eit spesielt driftsår, der alle delar av selskapet har vore prega av koronaviruset. Trass i utfordringar, har både drifta og bygging av kraftverk gått tilnærma normalt.

Produksjonen i 2021 vart på totalt 2343 GWh i SKL. Det er 45 GWh eller nesten 2,0 % meir enn det som er rekna som middels produksjon. Det skuldast i hovudsak meir enn normalt uttak i Ulla Førre.

Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 76 GWh. Dette er 9 GWh lågare enn midlare produksjon, og skuldast i hovudsak den tørre sommaren og førhausten.

Magasininnhaldet ved inngangen til 2021 var 200 GWh høgare enn ved utgangen. Total nedbør i Matre vart 2819 mm (15 % lågare enn normalt) mot 4032 mm i 2020.

Dekningsbidraget av kraftomsetninga var for 2021 på 1 901,0 mill.kr mot 277,8 mill.kr i 2020 (Sal energi fråtrekt kjøp energi) i SKL AS, og 1 946 mill.kr, mot 286,6 mill.kr i 2020 i konsernet. Totalt dekningsbidrag inkludert sal av sertifikat og systemtenester, og med frådrag for leige av fall, vart for SKL 1 886,2 mill.kr, og for konsernet 1 921,6 mill.kr, mot 251,6 og 260,5 mill.kr i 2020.

Det har vore godt tilgjenge i dei heileigde produksjonsanlegga i løpet av året. Hardeland G1 har vore ute av drift dei 2 første månadane av 2021 på grunn av lagerhavari. Gjennom året har det vore gjennomført vedlikehald i samsvar med plan utan at det har hatt signifikant innverknad på produksjonen. Det vert elles utført reinvesteringar og oppgraderingar i anlegga i samsvar med plan.

Året 2021 vart prega av ein svak energibalanse, der dei fleste kraftprodusentar har auka vassverdien. Derfor vart snitprisen for 2021 i prisområdet Blåfalli (NO2) 76,2 øre/kWh. Det er 66,4 øre/kWh høgare enn 2020. Prisen var høgast i slutten av året med 177,1 øre/kWh i desember, medan den lågaste prisen fekk vi i mars med 42,1 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert sold til laupande spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i SKL vart 83,9 øre/kWh mot 10,7 øre/kWh i 2020. Tilsvarande tal for dei konsoliderte småkraftverka var 71,5 øre/kWh.

OM ÅRSREKNEKAPEN

Resultat

Rekneskapen for 2021 syner omsetning på 2163,1 mill. kr. for konsernet og 2 169,4 mill. kr. for morselskapet. Resultat før skatt er 1 668,7 mill. kr. for konsernet, tilsvarande tal for morselskapet er 1 637,8 mill. kr. Overskot etter skatt er 703,3 mill. kr. for konsernet og 668,2 mill. kr. for morselskapet. Samanliknande overskot etter skatt var kr 2,9 mill. kr. for konsernet og 18,8 mill. kr. for morselskapet i 2020. Bokført skattekostnad i konsernet utgjer 965,4 mill. kr., medan bokført skattekostnad for morselskapet utgjer 969,6 mill. kr.

Totalt er resultatet for konsernet før skatt 1 633,1 mill. kr. sterkeare enn tilsvarande tal førre år. Etter skatt er resultatet styrkt med 700,4 mill.kr:

- Svært sterkt kraftpris kombinert med tilsig som etterkvar nærma seg normalår, og produksjon som vart høgare enn normalår, gav auke i dekningsbidrag med 1 661,1 mill.kr for konsernet og 1 634,6 mill.kr for morselskapet. Ingen førehandssal av kraft gjorde at all kraft vart selt til sterkt spotpris.
- Kostnader til overføring av produsert kraft vart redusert med 18,4 mill. kroner for konsernet og 19,2 mill. kroner for morselskapet grunna lengre periodar med negativt marginaltap som er ein del av overførigskostnaden.
- Lønnskostnadene auka med 0,2 mill. kroner for konsernet og morselskapet målt mot 2020. Den låge auken målt mot underliggende lønnsvekst på over 3% skuldast avgang grunna pensjon og høg investeringsaktivitet.
- Andre driftskostnader auka med 6,6 mill.kr for konsernet og 6,7 mill.kr for morselskapet. 4,8 mill.kr av auken skuldast vekst i eigedomsskatt og konsesjonsavgift. Resterande 1,8 mill.kr skuldast i stor grad kostnadsvekst på kjøp av varer og tenester.
- Avskrivingane i konsern og morselskapet er tilnærma uendra. Trass i investeringsaktivitet i 2021 er det få investeringar som er idriftsett, og belastar resultatet med avskrivinger.
- Det er gjort nedskriving i konsernet med totalt 32,3 mill.kr knytt til to småkraftverk. Nedskrivinga skuldast hovudsakleg avvik mellom forventa og realisert kraftproduksjon frå anlegga.
- Sterk kontantstraum og lågt rentenivå har gitt lågare finansieringskostnader. Betre resultat frå tilknytt selskap og auka utlån gav auke i finansinntektene. I morselskapet er det gjort nedskriving av finansielle eigedelar med totalt 47,6 mill.kr knytt til småkraftverka.

Investeringar og langsiktige fordringar

Samla for selskapa som er konsolidert i konsernrekneskapen, inkludert minoritetar sin del, er det investert i varige driftsmidlar for netto 321,6 mill. kr. i 2021. Dei største postane gjeld:

- 185,8 mill. kroner på prosjektet Løkjelsvatn kraftverk i Etne
- 109,2 mill. kroner er nyttia ifbm utbygging av småkraftverk.
- 3,4 mill. kroner er nyttia ifbm engasjementet i Sima-kraftverka, herunder andel av utbygging av Storlia kraftverk.
- 6,6 mill. kroner er nyttia ifbm engasjementet i Ulla Førre-kraftverka
- 10,4 mill. kroner er nyttia ifbm revisjon og utbetringar av eksisterande kraftverk
- 6,5 mill. kroner er nyttia ifbm kjøp av verktøy, utstyr og vedlikehald/ombygging av bygg mv.

I tillegg er det nyttia 14,5 mill.kr ifbm finansielle investeringar og utlån knytt til selskap som SKL er eigar i.

Balanse og likviditet

På konsernnivå hadde SKL ein likviditetsgrad 1 på 0,74 pr. 31.12.2021. Tilsvarande tal pr. 31.12.2020 var 0,11.

Arbeidskapitalen er pr. 31.12.2021 negativ med 415,5 mill. kroner for konsernet. Tilsvarande for 2020 var negativ med 772,8 mill. kr. Skattegjeld på 937,9 mill.kr til forfall i 2022, saman med utbytteavsetning på 422 mill.kr, er dei to dominerande elementa i den negative arbeidskapitalen.

Likviditetssituasjonen er god og i samsvar med planlagde handlingar frå konsernet. Likviditetsbeholdninga utgjer 219,6 mill.kr ved utgangen av året, 1 130,7 mill.kr når inneståande på konsernkonto i Haugaland Kraft AS vert inkludert. I tillegg har selskapet ein kassakreditt på 300 mill.kr. Samla gjeld knytt til obligasjonar, sertifikat, andre lån og kassakreditt utgjer 900 mill. kr pr. 31.12.21, mot 1 368,3 mill.kr pr 31.12.2020. Det er ikkje forfall på langsiktig gjeld i 2022. Kontantbeholdning, inneståane på konsernkonto og unytta kassakreditt i kombinasjon med venta innbetalingsoverskot frå drifta gir god dekning for forfall på kortsiktig gjeld og investeringar i komande periode.

Konsernet sin soliditet er god. Etter avsett utbyte til eigalar er eigenkapitaldelen ved utgangen av året 51,4% mot 61,5% ved utgangen av 2020. Marknadsverdien i konsernet sine produksjonsanlegg er langt høgare enn bokførte verdiar. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved, og omfanget av verksemda i konsernet.

Kontantstraum

Konsernet hadde positiv kontantstraum frå drifta på 1 852,1 mill. kr etter betaling av skatt og endring i driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for 2020 var negativt 232,7 mill.kr. Endringa skuldast sterkt kontantstraum grunna høg kraftpris i kombinasjon med låg skattebetaling frå svakt resultat i 2020.

Etter netto investeringar i driftsmidlar og finansielle eidegar med 336,1 mill. kroner er netto kontantstraum før finansiering positiv med 1 516,1 mill.kr mot negativ med 509 mill. kr i 2020. Etter betaling av obligasjons- og sertifikatgjeld, nedbetaling av kassakreditt og utbetaling av utbytte enda netto likviditetsendring gjennom året på 1 064,6 mill.kr mot negativ med 133,3 mill.kr i 2020. Av dette gjekk 911,1 mill.kr til innbetaling på konsernkonto i Haugaland Kraft AS.

Morselskapet hadde positiv kontantstraum frå drifta på 1 765,6 mill.kr etter endring i fordringar, kortsiktig gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for 2020 var negativ med 226,0 mill.kr.

Avlagt rekneskap gir eit reelt bilet av verksemda og finansiell situasjon for 2021. Det er ingen hendingar etter årsskiftet som har vesentleg innverknad for årsrekneskapen 2021.

FRAMTIDIG UTVIKLING

Både 2020 og 2021 har vore spesielle år for kraftmarknaden. Der 2020 var eit utfordrande år med tanke på kraftpris og resultat, vart 2021 eit historisk godt år. Framtidig inntening og finansiell stilling er vurdert som god på både kort og lang sikt. I starten av 2022 har spotprisen halde seg på eit svært sterkt nivå, blant anna grunna generelt låg magasinstand målt mot normal får årstida. Framover viser marknaden for framtidskontraktar ei normalisering av prisen.

SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av ny fornybar kraftproduksjon. I tillegg står selskapet midt i betydelege re-investeringar i kraftverka i Etne der Løkjevatn kraftverk er under bygging. Dette kraftverket erstattar fleire eldre kraftverk og vil nytta energien i vatnet på ein meir effektiv måte.

Konsernet SKL har god soliditet, og drifta er venta å generera stor positiv kontantstraum.

SKL vil framover fortsetja å ha fokus på lønnsam vekst innan fornybar vasskraft på den eine sida, og på den andre arbeida for å ytterlegare optimalisera og effektivisera SKL som eit reink produksjonsselskap.

FINANSIELL RISIKO

SKL driv ei kapitalintensiv verksemd. Vekst og re-investering gir auka kapitalbehov i åra framover, samtidig som eksisterande låneporfølje må refinansierast.

SKL står blant anna ovanfor følgjande finansielle risiko:

- Pris-, volum- og valutarisiko knytt til dagens og framtidig sal av eigenprodusert kraft.
- Renterisiko knytt til låneporfølje.
- Refinansieringsrisiko.

Pris-, volum- og valutarisiko

SKL er eksponert for prisrisikoen for krafta som selskapet produserer. Prisen i kraftmarknaden er volatil. På kort sikt er prisen svært sensitiv til hydrologisk situasjon og til prisen i andre marknader som gass, utsleppskvotar og oljepris. Etter utbygging

av meir uregulert kraftproduksjon som vind- og småskala vasskraft er prisen også blitt meir sensitiv til vind- og nedbørssituasjon på kort sikt. I 2021 kan det sjå ut som idriftsetjing av to nye kablar til hhv. Tyskland og England auka denne volatiliteten, i tillegg til å auka kraftprisen.

SKL har valt ein strategi der all kraft blir selt i marknaden til spotpris. SKL er difor svært eksponert for endringar i marknadsprisen, noko som resultata både i 2021 og 2020 viser. SKL har ei solid finansiell stilling, og eigarar som kan handtere denne risikoen. Sjølv om kortsiktige svingingar kan Dempast ved førehandssal av kraft, er det ikkje sannsynleg at dette over tid vil gi betre resultat, og kan heller ikkje beskytta mot langsigktige endringar i kraftmarknaden.

Med kraftproduksjon basert på vasskraft vil tilgang på vatn og produksjonsevne variera frå år til år. For SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representera ein utjamnande effekt i dei årlege variasjonane i SKL sitt største produksjonsanlegg. Volumrisikoen vert difor vurdert som noko mindre for SKL enn for bransjen generelt.

Renterisiko

Selskapet sin renterisiko frå låneporteføljen vert sikra gjennom rentebyteavtalar.

Refinansieringsrisiko

Selskapet har ein finansieringsrisiko for kapitalbehov frå vekst og refinansiering. Kort løpetid i låneporteføljen aukar denne risikoen. Risikoen vert handtert gjennom spreiing av forfall over tid, samt finansieringsrammer gjennom trekkrettar/kassakreditt i tillegg til likviditetsbeholdning.

RESULTATDISPONERING

SKL si målsetjing er langsiktig verdiskaping. For å bidra til å byggja ein kapitalbase for vidare vekst, er det lagt opp til at selskapet held tilbake om lag 40 % av konsernresultatet. Kapitalutbetalinga til eigarane for 2021 rekeskapen vert foreslått til 422 mill. kr.

Ut frå kontantstraum og kapitalstruktur i konsernet, er det styret si meining at forslaget nedanfor til resultatdisponering er forsvarleg og i samsvar med dei skisserte måla for konsernet.

Styret sitt forslag til disponering av overskotet for Sunnhordland Kraftlag AS for 2021:

Avsett til utbyte	kr	422 000 000
Avsett til annan eigenkapital	kr	246 172 000
Sum disponering	kr	668 172 000

Stord, den 21. februar 2022


John Martin Mjånes
Adm. direktør


Olav Linga
Styreleiar


Olav Osvoll
Nestleiar


Jorunn Håvardsholm
Styremedlem


Astrid Kjellevold
Styremedlem


Willie Wågen
Styremedlem


Mette Heidi Ekrheim
Styremedlem


Egil Åkra
Styremedlem tilsette


Hege Økland
Styremedlem tilsette